

## Ungdomsbirken/Birkebeinerrennet og Trabelirennenet – avslutning GD-cup

Årets sesong vart avslutta for Kvam sine løparar med Ungdomsbirken/Birkebeinerrennet og avslutning GD-cup på Trabelia.

Ei tøff helg for mange av våre løparar så langt ut i sesongen.

8 løparar frå Kvam stilte til start på Ungdomsbirken, av desse 4 debutantar.

Martine, Espen, Torstein og Hans Kristian i J/G12 gjennomførte alle med gode resultat.

Martine fekk tida 58.57 og vart med dette nr. 69 av 131 i si klasse.

Hans Kristian kom fyrst inn på Birkebeineren ski stadion av desse 3 sterke gutane. På tida 50.12 vart han nr. 70. Torstein fekk tida 53.37, nr. 116 og Espen 52.55, nr. 131 av i alt 236 startande i denne klassa.

Gode prestasjonar av alle vår debutantar, og vi ser dei nok att på startstreken på Sjusjøen neste år.

Halvor, Lars Eivind, Pernille og Mari er allereie erfarne Ungdomsbirkebeinarar og gjekk alle for tredje gong.

Halvor hadde ei dårleg oppladning med sjukdom heile veka før, men gjennomførte likevel på den sterke tida 47.33 og vart med dette nr. 156 av 221 i si klasse G14.

Lars Eivind har vist strek framgang denne sesongen, men har og hatt ei lengre sjukdomsperiode i mars. Likevel gjekk han eit godt løp på tida 42.35 og var nr. 105 av 167 i G15.

Pernille og Mari stilte til start i J15 og baa gjekk gode løp.

Pernille fekk tida 48.37, nr. 56 og Mari 46.47, nr. 44 av 90 startande i si klasse.

Ungdomsbirken er eit av sesongens høgdepunkt både sportsleg og sosialt.

Stort sett alle løparane og foreldre/trenarar overnattar i Mesnalia, og får dermed ein sosial og triveleg kveld dagen før rennet.

Sjølv om det er tidleg å stå opp før klokka 6 om morgonen, er det ingen sure fjes å sjå, (men kanskje nokre trøyte fjes.....).

Tidleg opp, litt stress og mas for å få seg frukost før avreise til Sjusjøen, teste ski og hard kamp for å få eit godt startspor, er gløymt når dei kastar seg ut i løypa for å kome raskast mogleg ned til Birkebeineren ski stadion.

Kort sagt – dette er ein staut gjeng med triveleg ungdom som trivs med utfordringar og ski på beina!

Ola Esten Røssum var debutant i sjølve Birkebeinerrennet. Han hadde som mål å gå 54 km på 3.30..... Målet vart nådd og med tida 3.29.37 tok han sitt første merke med god margin (3.51.40). Sterk debut av Ola - gratulerer!!

Anne, Kari, Heidi, Olav og Frank gjennomførte og alle i fin stil – artig å sjå at dei vaksne og nå tek etter våre spreke ungdommar og stillar til start i Birkebeinerrennet.

Gratulerer til alle våre Birkebeinarar for vel gjennomførte renn.

Siste rennet i GD-cupen var arrangert på Trabelia.

Det var fristil fellesstert til og med 13år, og 2+2km pursuit for 14 åringane.

Frå Kvam har 6 løparar delteke på 3 eller fleire renn i GD-cupen denne sesongen, og alle løparane har vist god framgang.

Martine har hatt ein jamn og god sesong og vart vår beste i GD-cupen totalt med sin 5.plass i J12.

Ho avslutta sesongen med ein god 7.plass. Artig og merke seg at Martine har si beste plassering denne sesongen på Tormodsprinten. Sprint har ikkje akkurat vore det Martine har gleda seg mest til opp gjennom åra. Gratulerer Martine – godt jobba!

I G12, som er ei stor og tøff klasse, har våre 3 løparar absolutt vore med og kjempa hard om poenga.

Hans Kristian, Espen og Torstein har alle vist god framgang og tatt mange GD-cup poeng.

Hans Kristian hadde eit uhell i avslutningsrennet, men tok likevel ein god 12.plass og ein strek 6.plass i GD-cupen totalt. Hans Kristian har og denne sesongen vore på pallen i årests GD-cup, med sin 3.plass på Heidalskogrennet. Jamn og sterk sesong av Hans Kristian også i år.

Espen og Torstein er som Knoll & Tott, dei er særst jamne og berre få sekund skil dei som oftast ved målplassering. Dei har baa vist god framgang og sankt GD-cup poeng heile vegen. Espen likar seg best med skøyte ski, medan Torstein trivs best på dei klassiske. Dette syner seg og på resultatata gjennom sesongen. Espen er oftast fyrst av dei to på skøyterenna og Torstein på klassisk. På avslutningsrennet hadde gjekk Espen inn til 15.plass og Torstein 17.plass, kun 3 sekund bak.

I GD-cupen totalt vart Espen nr. 18 og Torstein nr. 19. God sesong og godt jobba av baa!

Sander er debutant i GD-cup samanheng. Han har vist god framgang både i klassisk og skøyting denne sesongen. Sjølv trivs Sander aller best på skøyte ski. På Trabelia tok Sander ein god 29.plass i G11 og vart til slutt nr. 30 i GD-cupen. God debut av Sander!

Halvor har hatt sin beste sesong nokon gong. Til tross for at sesongen både starta og slutta med lengre sjukdomsperiodar, har Halvor aldri vore så nær dei beste som denne sesongen. Han sto over både opningsrennet og avslutningsrennet og har derfor berre 4 renn i GD-cup samanheng. Beste plassering fekk Halvor på Heidalskogrennet med ein 7.plass. I GD-cupen totalt tok han ein god 16.plass i G14.

Alt i alt ein god sesong for Kvam sine løparar i årets GD-cup, med god framgang og topp innsats. Her er det mykje bra og byggje vidare på.